



Referat

Ordførarsamling - Turtagrø

Møtenummer: 1/2011

Møtedato: 15.9.2011 kl 1530-1830

Deltakarar: Ordførarane Marta Finden Halset,
Olav Lunden, Torodd Urnes og Jarle Aarvoll.

Referent: Karina Nerland

Dagleg leiar: Karina Nerland.

Notata frå administrasjonen om ”Aktuelle tema til drøfting” og ”Samferdsletiltak - status og vidare arbeid” var utsendt til møtet.

Aktuelle saker til rådet

Spørsmålet om kor tungt rådet skal gå inn i kvar kommune sine saker vart diskutert. Initiativet må koma frå kommunen og kommunen kan bringa saker inn i rådet for å avklara evt. støtte i vidare arbeid. Fylkeskommunen har bedt om fråsegn frå kommunane om vidaregåande skule. Administrasjonen innhentar informasjon om høyringa og lagar evt forslag til fråsegn.

Invitasjon til kommunane Høyanger og Årdal

Sogn regionråd bør i etterkant av regionrådsmøte 28. oktober invitera kommunane Årdal og Høyanger til eit møte for å avklara om dei er interessert i bli med i rådet igjen.

Utvida deltaking

Det er utfordring å få god forankring i kommunane for rådet si rolle som regional utviklar. Det er ikkje alltid kommunane rekk å få orientert formannskapet om rådet sine saker i forkant av regionrådsmøte. Det kom forslag om å oppmoda kommunane om å peika ut eit formannskapsmedlem til å delta i rådsmøtet i tillegg til ordførar. Rådet kan ta stilling til dette i neste møte.

Det vil vera fordel for forankringa at det vert gjennomført stormøte med formannskapsmedlemene ein gong i året.

Folkevaldopplæring

Folkevaldopplæring bør gjennomførast i byrjinga av 2012 gjerne februar/mars.

Regionalplan strategisk del 2013-2016

Regionalplan strategisk del skal rullerast i 2012. Rådet kan gjennomføra same opplegg med føredrag, gruppearbeid og diskusjonar som det vart gjort i 2008.

Arbeidsgrupper

Kva arbeidsgrupper rådet skal ha bør vurderast jamnleg. Rådet tek stilling til dette i oktobermøtet.

Møtefrekvens

Det er ikkje merknader til møtefrekvensen med ca 6 møte i året. Ordførarsamlinga bør gjennomførast i desember /januar.

Samferdsletiltak

Drøfting om status og vidare arbeid av samferdsletiltaka vart utsett til regionrådsmøtet.